

Nilesaren 2010 - 2011

Vi inviterer alle ungdomsskular i Hordaland til å delta.

Gratis klassesett av lokal- og/eller regionavis i inntil ni sjølvvalde veker i løpet av skuleåret.

Påmelding / bestilling

Vi ynskjer at skular som vil delta i løpet av skuleåret melder seg på snarast. Lokal planlegging og å bestemme kva tid de vil ha aviser, kan de gjere seinare.

PÅMELDING: <http://tinyurl.com/pamelding-nileser>

Dette er ein rettleiande prosjektbeskriving. Skulane vel sjølve korleis avisene skal nyttast, og planlegg lokalt i tråd med egne planar.

Lesetrening og aktuell undervisning: Ved å bruke aviser som supplerande læremiddel, får elevane eit differensiert og tilpassa tekstutval å trene på. Dette vil for mange elevar auke motivasjonen for arbeidet i skulefaga. Prosjektet er samtidsorientert og høver godt inn i Kunnskapsløftet.

Mål:

- Å trene lesing ved å nytte autentiske, dagsaktuelle tekstar,
- å trene ulike lesestrategiar,
- å lære ord og omgrep brukt i aktuelle saker / tekstar,
- å følgje og debattere dagsaktuelle problem og hendingar,
- å inspirere elevane til å meine i det offentlege rom,
- å trene kritisk vurdering av tekstar i massemedia,
- å gjere tema som står på årsplanen dagsaktuelle.

1) LESING

Avisa inneheldt dagsaktuelle, samansette tekstar som høver svært godt som *tilpassa lesetrening*:

- Elevane vil oftast *finne tekstar som engasjerer fordi dei berører eigen røyndom*,
- tekstane sin oppbygning (tittel, ingress, bilde, bildetekst) gir *god forforståing*,
- elevane lærer *ord og omgrep i aktuelle tekstar*,
- avisa inneheldt mange *ulike sjangrar*, - frå omfattande featureartiklar til korte notisar, annonsar, tabellar, grafikk, teikneseriar m.m.
- elevane får høve til å trene på *kritisk vurdering av mediebodskap*.

Mangfaldet av tekstar gir óg godt høve til å trene ulike *lesestrategiar*.

2) DAGSAKTUELL UNDERVISNING

Fag og tema i læreplanen kan aktualiserast ved å knytte lærestoffet til dagsaktuelle problem og hendingar. Dagens avis er godt utgangspunkt for *munntleg trening* og dialog om problemområde i notida, og for å gjere undervisninga *meningsfull og motiverande*:

- Følgje med i *daglege nyhende*
- *Gjere eit tema aktuelt* ved å bruke nyhende i undervisninga, og å undervise i temaet på årsplanen når det er dagsaktuelt.
- Finne *arenaer for unge meiningar* i det offentlege rom.

Aviser og andre massemedier er for dei fleste *dei viktigaste kjeldene til kunnskap* etter

avslutta skulegang.

GJENNOMFØRING

Fleksibelt opplegg: Inntil ni sjølvvalde veker kan nyttast til prosjektet, men gjerne ikkje samanhengande. Den enkelte lærar / skule avgjer den daglege tidsbruken. Om ynskjeleg, kan nokre av avisvekene "trekkast med" til 10. trinn.

I tillegg til at elevane følgjer med og diskuterer nyhenda kvar avisdag, er det altså ein idé at avisstoff vert nytta i arbeidet med faga / øving i dugleikar der det høver.

Planlegging og evaluering

Teamet / deltakande lærarar planlegg lokalt på eigen skule.

Skulen evaluerer ut frå egne mål.

Oppstartmøte.

Avis i Skolen kan delta på planleggingsmøte på din skule. Varigheit ca 90 min. Vi kan presentere erfaringar, undervisningsidear og diskutere sammen med lærarane korleis avisinnhaldet kan integrerast i ulike fag. Tilbakemelding frå slike møte er at dette er godt investert tid.



Ressursar

Idébank (bm / nyn) med praktiske metodiske forslag. Denne får skulen gratis på papir (perm). Den kan også lastast ned frå nettet.

Gratis klassesett av den lokale og/eller regionale avisa. Bruk også nettaviser og andre medier.

Fleire ressursar og fylldig informasjon finn du på www.ais-vest.net

PÅMELDING: <http://tinyurl.com/pamelding-nileser>

Ta gjerne kontakt for spørsmål!

Avis i Skolen Hordaland
Johannes Bøyum
Tlf 55 21 45 55 / 905 01 150

Johannes.Boyum@bt.no